



Mangfald av natur

Rein natur

Gratis energi
Datateknologi

Feitt jordsmonn

Rein mat

Levande bygder
Reine byar

Kunnskap og visdom
Alle saman

GodHumus

MANIFEST


GodHumus er ein organisasjon som har oppstått i kjølvatnet av den moderne tidens tann. Forureining og fattigdom gjer det vanskeleg å leve. Vi som er med GodHumus vil gjere noko med dette. Det er ikkje så vanskeleg som ein skulle tru, det krev kun litt fantasi og ein smule idealisme - og det får ein gratis.

Vi legg vår vekt på rettferd. Vi søker kunnskap og visdom, sanning og likskap. Vi utviklar oss til ei framtid som er god. Vi tek med oss det som er bra frå denne verda, og tek eit steg tilbake, dveler ein augneblink i ettertankens lys, før vi tek til med å skape ei framtid for alle, og for det som er godt. Det vert eit spanande prosjekt, og byrjinga på ei ny tid, og alle er velkomne.

Bli med på å skape eit samfunn kor rikdom ikkje kan målast i pengar

Eit samfunn som
ikkje øydelegg
for alle

Dette er vegen heim





Det som er det viktigaste er å skaffe rein mat til folk. Og det beste er at alt jordbruk vert økologisk/biologisk. Medan det idèelle er at ein vert sjølvberga med mat. Det å leve ilag med naturen vil lære ein mykje. Og å ha dyrka sin eigen mat, er ei glede for deg sjølv, såvel som for naturen. Då vert ein ein del av livsyklusen, og naturens rytme er din rytme. Energi er ein annan sak. Vindmøller og solpanel er det beste, og det er reint. Ei lita vindmølle og eit solpanel er nok. Ein treng i røynda ikkje meir. Der finnast andre fine naturvenlege løysingar òg. Og så får fossane fri. Fossil energi er helseskadeleg, for alt som er levande. Og vi burde ikkje finne oss i det. Det har ein pris vi ikkje kan betale. Sunn, nærdyrka mat, og gratis energi er bra.



Du kan dyrke mykje godt her tillands
 Det er lett, spanande og lærerikt
 Då kan ein dele på verdifull kunnskap
 Ein får så mykje betre tid

Ein lever livet

Datateknologi.

Èin kjem til å bruke datateknologi til kommunikasjon og til å få utfolde seg kreativt. Noko anna skal èin ikkje bruke den teknologien til. Vi vil utvikle teknologien slik at den tener èin på ein meir tilfredstillande måte. Ildsjuer skal skape nye og banebrytande program, slik at ein utvikler måten å tenke kreativt på. Kanskje med tida vil ein skape ein ny type datamaskin.

Vi vil legge press på myndigheitene for at våre økologiske krav vert fulgt. Rein mat til folk i byane og på bygdene, men òg at sjølvbergaren får fred. Sjølvbergaren lever kun for å ha god mat på bordet, bygge opp verdifull kunnskap om jorda, og halde hus og heim i skjønn orden.

Det er dèt han skal tenke på.

Verda.

Det ordet betyr dèt som ikkje har med livet å gjere. Livet på jorda er ikkje slik som vi ser det i dag. Det som skjer på jorda i dag er at ein øydelegg ho. Og dèt er er ikkje slik det skal vær. Ei uverdigg forestilling er det vi er vitne til!



Det er myndigheitene som har skapt uføre. Myndigheitene gjer ikkje noko for å betre forholda.

Du kan sei nei til dei.

Du kan sei nei til verda, og ja til livet på jorda.


Vær med og helbred



Vær med på å skape levande samfunn

Mat

I maten er der frø



Åkeren

I åkeren puttar ein frø, og når den er feit nok; kan du avle 5-8 gongar meir enn kva ein gjer i dag

Menneske

Menneske et maten og passsar på og pleier åkeren. Det produserer ikkje søppel, men kompost

Kompost

Kompost er jord med mykje liv i seg, og ein mater åkeren med kompost slik at den vert feitare

Del på mat og verdifull kunnskap
Ingen skal være fattig eller små